

## Kva betyr det å gå i frå alt?

### Preiketankar over Mark 10, 28-31

Av Johannes Morken, redaktør i Stefanusalliansen

*28 Då tok Peter til orde og sa: «Kva med oss? Vi har gått ifrå alt og følgd deg.» 29 Jesus svara: «Sanneleg, eg seier dykk: Ingen har forlate hus eller brør eller systrer eller mor eller far eller born eller åkrar for mi skuld eller for evangeliet skuld 30 utan at han skal få det att hundre gonger. Her i denne tida skal han få hus, brør, systrer, mødrer, born og åkrar, men han skal òg bli forfølgd – og i den verda som kjem, skal han få evig liv. 31 Men mange som er dei første, skal bli dei siste, og dei siste skal bli dei første.»*

Slik lyder det heilage evangeliet.

Det er ein litt rar tekst. Det er ikkje måte på kva dei skal få, dei som går i frå alt og alle som står dei nær. No er det tilsynelatande slik at dei som vel preiketekstar, gjer det som vi journalistar ofte blir skulda for å gjera: Klipper sitat ut av samanhengen og vrir på det som står att. Skal vi nærma oss denne teksten, må vi vita samanhengen.

I Mark 10 før dagens tekst har fleire historier om kor vanskeleg det er for menneske å følgja Guds bod (det startar med Jesu ord om ekteskapet) og kor umogeleg det er for dei som eig mykje eller er skråsikre på kven Jesus bryr seg om, å koma inn i Guds rike – med eiga kraft

Det er akkurat i dette kapitlet Jesus blir sint på læresveinane som vil hindra foreldre å bera barna sine fram for Jesus – kanskje var det fordi barna er urolege. Men Jesus feiar læresveinane unna, dei som kjende han godt etter tre år saman med han, og seier: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. »

Så i neste vers kjem den rike mannen springande, han «fall på kne for han og spurde: 'Gode meister, kva skal eg gjera så eg kan arva evig liv?' Han forsikrar Jesus at han har halde kvart einaste av dei ti boda sidan han var ung. Då seier Jesus noko som treff den rike mannen der det gjer mest vondt: «Gå bort og sel alt du eig og gje det til dei fattige, du skal få ein skatt I himmelen, kom så og følg meg.» Men då vart mannen lei seg og gjekk bort. Hans eigeidom på jorda var for han meir verdt enn ein himmelsk skatt.

Der har du kanskje oss, mange av oss forhandlar med Gud om kor lite (rekna I prosent) vi kan koma unna med for å følgja Jesus. Vi hadde kanskje også gitt opp heile Jesus-greia om vi hadde fått same utfordringa. Jesus seier rett ut I preiketeksten:

Korleis skal vi då koma inn I Guds rike? Spør læresveinane. Jesu svar er: For menneske er det umogeleg. Men ingenting er umogeleg for Gud.

Det er etter den rike manns sorgtunge ferd bort at Peter kjem med spørsmålet. Han var ofte litt brautande, Peter, kanskje briska han seg litt her også: «Kva med oss? Vi har då gått frå alt og følgd deg». Høyrer vi Peter framheva at dei er betre enn den rike mannen?

Og er Jesu ideal verkeleg at vi skal gå frå alt og gå frå alle vi er glad i for å følgja han? Eg trur ikkje det. Eg trur ikkje at han meiner vi skal gå frå barna våre for Jesu skuld – barna som han hadde velsigna litt tidlegare i Mark 10.

Men teksten kan ha blitt lesen for bokstaveleg hos oss. Eg hugsar den aldrande mannen frå Bøler, der vi flytta frå i 1996. Han blei intervjuva i Vårt Land om livet som misjonærbarn. Foreldra hadde reist ut då han var liten – og kom tilbake etter fem år. Han var blitt seks og stod på perrongen og venta saman med broren. Smerta hans var at far og mor ikkje kjende han att. Eg trur ikkje dette er Jesu ideal.

Og Peter? Han hadde strengt tatt ikkje gått frå alt, om vi tek «gå frå alt» heilt bokstaveleg. Han hadde rett nok gått frå levebrødet for ei stund for å følgja Jesus rundt i Galilea og landsbyane rundt. Men fiskebåten låg i beredskap ved Genesaretsjøen. Det veit vi: i Johannes-evangeliet kapittel 21 kan vi lesa om dei fortvilte disiplane som hadde opplevd at Jesus vart krossfest, ein grytidleg tidleg morgon var ute og fiska igjen. Så kom den oppståtte Jesus på stranda og laga frukost og bad dei kasta garnet på andre sida av båten. I Mark 2 les vi at Jesus var heime i Kapernaum – det betyr vel at læresveinane også var heimom av og til desse tre åra dei vandra rundt.

Og hadde Jesus meint vi skulle svikta våre næraste, hadde han vel heller ikkje i Matteus-evangeliet reist heim til Peters svigermor og gjort henne frisk. Og Peters kone blei, ifølgje Paulus brev til Kolossarane, med Peter rundt om omreisande predikant – etter pinsedag.

Samanhengen er viktig. I avsnittet **etter** dagens preiketekst dreg Jesus og læresveinane opp til Jerusalem. Jesus snakkar endå ein gong om at han skal døy. Det er altså nedteljing. Mot Jesu død. Kanskje gjev Jesus eit hint om skal som skal skje. Læresveinane hans skulle bli forfølgde. Dei fekk igjen hundretal – i eit nytt fellesskap i den raskt veksande kyrkja. Og kva med Peter? Ifølgje Klemens av Alexandria hadde Peter kona si med til Roma der ho blei drepen for Jesu skuld – blei martyr – saman med Peter.

Dermed er vi der folk under andre himmelstrøk enn vårt les denne teksten.

Eg var i Beirut i juni, på ein konferanse om situasjonen for kristne i Midtausten der IS har målretta fordrive og utrydda «vantruande», også kristne. På podiet sat ei drusisk fembarnsmor frå Syria – drusarane er ei utgåve av shia-islam, med eit tru basert på «skjult kunnskap». Ho hadde oppdaga Gud som 18-åring og søkt Han gjennom ei visdomsbok. Men ho fekk ikkje fred. I desperasjon sa ho til Gud: «Kva skal eg gjera?» Svaret var: «Du skal lese i Bibelen.»

Mannen tok straks ut skilsmisse. «Eg har inga mor lenger. Ho er død», sa sonen hennar. «Eg ber for barna mine», fortalde kvinna.

I ein draum fekk sonen høyra: «Ho er ikkje død, men gjenfødd.» No besøker han henne i Libanon så ofte faren tillet han å reisa. «Eg ber for dei andre borna mine. Eg håpar dei kjem tilbake til meg. Skjer det ikkje her, vil det skje i himmelen.»

Det var ei smertefull historie. Ho MÅTTE gå frå alt for evangeliet si skuld. I ein kultur der ho kan bli drepen ved å følgja Jesus. Ho fortener hundrefald igjen.

I Teheran i Iran må muslimar som er blitt kristne, feira gudsteneste i bilar som køyrer rundt, for ikkje å bli oppdaga av politiet og risikere livet for trua. Å køyra bil og ikkje bli tatt av politiet, er ein morosam sport hos oss. Der er det livets alvor for kristne i Iran. Og vi anar meir korleis det er å vera konvertitt frå Iran og få avslag på asylsøknad for så å bli send tilbake.

Tamara er frå Tadsjikistan – i Sentral-Asia, ein av republikkane som blei sjølvstendig på Sovjet gjekk under i 1991. Det er litt langttekkistan for oss, men det som skjer bør uroa oss. Ho og mannen, som ikkje hadde barn, gjekk frå alt dei hadde for å gjera kristen teneste ein annan stad i Tadsjikistan. Mannen hadde vore fengsla for trua si. På den nye staden der nesten alle er muslimar, samla dei folk som kom til tru på Jesus – først i ei stove, så i eit lager. Det blei så mange at dei blei synlege. Aviser skreiv om dei, hevda dei brukte «svart magi». Det gjorde dei og meir attraktive, men også meir utsette. Ei avis skreiv at mannen hadde vore fengsla – dette var altså farlege folk.

Ein dag kom to menn, ekstreme islamistar, etter gudstenesta og drap mannen hennar. «Eg var der. Eg såg han døy. Dei unge mennene fordufta. Dei vart aldri arresterte, aldri dømde», seier ho.

Ho prøvde i sitt hjarta å tilgje, men sleit med det. Nokre år etterpå oppdaga ho den eine på eit bønemøte. Han var blitt kristen. Ho kunne ikkje fatta at det var mogeleg. Men i teksten like før dagens preiketekst står det: «Ingenting er umogeleg for Gud.» Tamara har i dei 13 åra etterpå ikkje gitt opp si kristne teneste. Ho veit kva prisen for å vera Jesu vitne er.

I februar 2015 rulla ein video over verdas tv-skjermar. 21 kristne frå Egypt i oransje kjeledressar vart førte av svartkledde IS-krigarar over ei strand i Libya. Kristne i Egypt som såg videoen, festa seg ved Kristus-vitnesbyrdet til dei 21 ved å sjå på leppane deira like før dei vart drepane. Påørørande rykka ut med tilgjeving av terroristane. «Då gråt eg», sa den egyptiske biskop Thomas. Han møter mange kristne som er stolte av trua si, som elsker livet, men som er klare for martyriet. Og som møter vondskap med tilgjeving og ikkje hat.

Det er eit kraftfullt vitnesbyrd i Egypt. Men samstundes er kyrkja han involvert i djuptgåande sjelesorg for dei som kom heim frå Libya, til dei ventande familie sine, og som overlevde nettopp fordi dei forneakta trua. Vi skal vera sjeleglad fordi vi slepp å ta stilling til Jesus under ein kniv.

Så: Kva er det vi trygt kan gå i frå for evangeliet si skuld?

**For det første:** Vi kan trygt gå i frå mange av våre bekymringar og løfta blikket. Vi må vere ei stemme for dei som lid for trua si. Eller for å seia det med biskop Thomas: Vi skal ikkje søka forfølging, men vi skal hjelpa lidande med å bera krossen. Ved å be for dei, protestera mot urett, støtta dei og visa dei at vi ikkje har gløymt dei. Og vi kan læra av dei – om å gleda oss over lite og gleda oss over trua.

**For det andre:** Hadde det vore vi som hadde stilt Peters spørsmål etter den rike mannens triste sorti, burde vi vore ærlege nok til å seia: «Kva med oss, vi har heller ikkje godt frå alt?»

Tek vi utfordringar kan vi kanskje klara å gå frå både egne og andres forventningar dersom dei hindrar oss i å bruka krefter, tid og pengar til beste for vår neste og Gud.

**For det tredje:** Vi bør kunna gå i frå vårt overmote. Jesu ord i dagens tekst lyder: «Mange av dei første skal bli dei siste, og mange av dei siste skal bli dei første. Ropet til oss i dag lyder frå dei som fyller kyrkjene til siste plass etter terrorangrep, medan vi av og til ikkje orkar gå frå den varme dyna på søndagsmorgonen.

Hans ord er også: «Den som ikkje tek imot Guds rike som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Å bli som barn igjen betyr ikkje å krypa inn att verken i mors liv eller bestemors dåpskjole. Men det betyr å læra av barnets evne til å ta imot og å innsjå at vi er tilkortkomne.

Det nådefulle evangeliet er i dag henta frå Jesu omsorg for barna som Jesu trufaste ville halda på avstand:

*«Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.»*

**Amen**